

Saksbehandlar: Helle Selseng, Administrasjon og innovasjon  
Sak nr.: 20/2761-14

## **Forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune - endring**

### **Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding: Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Endringsforskrift som tillegg til forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune.

Det blir gjort fylgjande endringar:

§ 4 b) blir endra slik:

Leiarar og representantar i administrasjonsutval, arbeidsgjevarutval, råd for eldre, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd, sakkunnig nemnd eigedomsskatt, klagenemnd eigedomsskatt, **samt røystestyra** som ikkje motteke fast møtegodtgjersle

Det vert utbetalt variabel møtegodtgjersle

Leiar: 0,075 % av ordføraren si årlege godtgjersle

Representant og vararepresentant: 0,050 % av ordføraren si årlege godtgjersle per møte

### **Vedlegg:**

- 1: Forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Det er Stortingsval til hausten. Etter vallova § 4-2 skal alle det vere eit røystestyre som aministrerer røystinga på kvar stad i kommunen. Arbeidet med organisering til valet er starta og valstyre har i møte 17.03 mellom anna godkjent røystekrinsar i kommunen.

Sidan røystestyra ikkje er omtalt i forskrifta om folkevalde si godtgjersle er det naudsynt å gjere endring i vedteken forskrift.

Vedtaket medfører at § 4b i forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune må endrast frå 100 % til 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Då dette medfører

endring i ei vedteken forskrift må kommunestyret gjere eit vedtak om endringsforskrift for den gjeldande forskrifta.

Endringsforskrift som tillegg til forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune, det blir gjort fylgjande endringar: § 4 b) blir endra slik:

Leiarar og representantar i administrasjonsutval, arbeidsgjevarutval, råd for eldre, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd, sakkunnig nemnd eigedomsskatt, klagenemnd eigedomsskatt, **samt røystestyra** som ikkje motteke fast møtegodtgjersle

Det vert utbetalt variabel møtegodtgjersle:

Leiar: 0,075 % av ordføraren si årlege godtgjersle

Representant og vararepresentant: 0,050 % av ordføraren si årlege godtgjersle per møte

Andre politikargodtgjersler vert ikkje påverka av denne endringa. Det er difor ikkje behov for ytterlegare endringar i forskrifta.

Endringa vil ha verknad frå vedtaksdato.